



Mjelde Bygg AS
Mjelddalen 85
5286 HAUS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/8192 - 22/81948

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
27.10.2022

Ferdigattest - riving og oppføring av ny fritidsbustad gbnr 213/43 Eikanger nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 1209/22
Tiltakshavar: Haakon Torvund
Ansvarleg søkjar: Mjelde Bygg AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av hytte og oppføring av ny hytte på gbnr 213/43.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 21/8192 datert 12.01.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.10.22 og supplert 25.10.22.

Skildring

Adresse:	Nesre Eikanger 72 5913 Eikangervåg
Bygningstiltak:	hytte
Bygningsnummer:	176337850

Bruksareal:	69,9 m2
Avlaup:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8192

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hege Therese Fosse	Bryggjedalen 14 J	5122	MORVIK
Haakon Torvund	Bryggjedalen 14 J	5122	MORVIK

Mottakarar:

Mjelde Bygg AS	Mjelddalen 85	5286	HAUS
----------------	---------------	------	------